



Pål Bjarte Kolås  
Slettevegen 895  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2275 - 23/21987

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
20.03.2023

## Ferdigattest flytebrygge - gbnr 499/54 Ystebø

**Administrativt vedtak:** Saknr: 312/23  
**Tiltakshavar:** Pål Bjarte Kolås  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for flytebrygge på gbnr 499/54.**

**Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.10.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.03.2023.

### Skildring

Adresse:	Valdersnesvegen
Bygningstiltak:	Flytebrygge
Bruksareal:	12,5m <sup>2</sup>

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/2275

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**

Pål Bjarne Kolås

Slettevegen 5939  
895

SLETTA